Fyresdal kommune

Arkiv: 150
Saksmappe: 2026/794-11
Saksbeh.: Kjersti Bergland
Dato: 09.11.2026

Saksframlegg

Budsjett 2027 og økonomiplan 2028 - 2030

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		
Arbeidsmiljøutvalet		
Administrasjonsutvalet		
Hovudutvalet for plan og miljø		
Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		
Ungdomsrådet		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Vedlegg:
1 Budsjett 2027 og økonomiplan 2028-2030 - formannskapet si innstilling

Bakgrunn for saka:
Etter kommunelovens femte del §14 – skal kommunestyret kvart år gjere vedtak om økonomiplan og årsbudsjett.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.

2027 er eit historisk budsjettår for Fyresdal kommune på investeringssida. Med den store næringsetableringa som finn stad på Molandsmoen nå og den store samfunnsutviklinga dette fører med seg er det lagt opp til eit investeringsbudsjett nesten like stort som heile driftsbudsjettet. Det er bygging av bustader og tilrettelegging av nye bustadfelt, samt nytt høgdebasseng for å sikre god og stabil vasstilførsel som utgjer den største delen.
Det er også lagt inn bulysttiltak som bygging av nytt treningssenter, rullepark og hestesportsenter.
For å utvikle og ivareta ordinær drift er det avsett midlar til å utgreie bygging av nye bustader for heildøgns omsorg, etablering av arbeidstreningsarena for menneske med funksjonsvariasjonar og rehabilitering av dei eldste delane av barnehagen og skulen.

Drifta er stort sett vidareført frå 2026 med løns og prisjustering og nokre andre endringar.
Det er lagt inn noko auke på stillingsressursar for å styrke økonomiarbeid og arbeid med hjelpemiddel for å sikre at alle kan bu lengst mogleg i eigen heim.

I tillegg er lønsbudsjettet i TTF tilpassa dagens ressursbruk med fleire stillingar.
Oppretting av praksisplass innan fysioterapi, auka kostnad med samarbeidsavtale innan ergoterapi, PPT og alarmsentralteneste og pålagt resipientkontroll er også lagt inn.

I budsjettet for 2025 og 2026 har ein bruka fem millionar av disposisjonsfond for å oppretthalde drifta i påvente av auka inntekter frå ny næringsetablering. I budsjettet for 2027 er dette nå lagt inn i ordinær drift.

I samband med den store samfunnsutviklinga og næringsetableringa som pågår i Fyresdal no så løyvde kommunestyret fire millionar ekstra, utover ordinær drift, i 2026. Dette er vidareført i 2027 for å i vareta alle investeringsprosjekta som ligg i budsjettet. Det vil vere behov for ekstraressursar, både eigne og innleigde konsulentar, for å planlegge, iverksette og fylgje opp den store utviklinga som er lagt opp til i budsjett- og økonomiplanperioden.

I budsjettvedtaket for 2026 vart kommunedirektøren sin disponible pott redusera til 1,5 million og ein halv million vart overført til OKO-utvalet og PM-utvalet. Midlane til utvala har ikkje blitt bruka etter kva som er intensjonen og ein har nå teke desse ut av budsjettet, mens kommunedirektøren sin disponible pott er vidareført med 1,5 million.

Avsette midlar til dekking av meirutgifter i samband med lønsoppgjør gjennom året har i mange år vore på to millionar. Med bakgrunn i auka lønsutgifter og gode lønsoppgjør dei seiste åra er denne potten styrka med kr 500 000,- for å dekke sektorane sine utgifter gjennom året.

Kommunestyret har vedteke nye reglar for tilskot frå Fyresdal kommune frå 1. januar 2027. I desse reglane er det innført nye tilskot til nybygging og rehabilitering av eigen bustad. Det skal fastsettast ei økonomisk ramme kvart år i samband med budsjetthandsaminga for å fastsetje kor mykje som kan utbetalast kvart år. Med dagens bustadbehov forventar ein at desse tilskota vil bli populære i åra framover og for 2027 er det foreslege ei ramme på 5 millionar.

Egenbetalingar og gebyr er stort sett vidareført på same nivå som i 2026 med få unntak.
Egenbetaling for praktisk bistand og dag- og korttidsopphald er justera i tråd med framlegget til Statsbudsjettet. Det er også ei endring i billettprisen for symjehallen. Her det prisen for barn sett til kr 0 og prisen for vaksne er auka til kr 50,-. Ingen endring av årskortprisen.
Avgifter for vatn, kloakk, renovasjon og feiing er vidareført på same nivå i 2026.

Økonomiplan 2028 – 2030:
Driftsbudsjettet er vidareført på same nivå som 2027 i heile perioden.
På investeringssida er det vidareført midlar kvart år til å fylle det forventa behovet for bustader.
Gjennomføring og bygging av bustader med heildøgns omsorg, arbeidstreningsarena og rehabilitering av barnehage og skulebygg er dei største prosjekta i planperioden.
Det er også fokus på rehabilitering av ledningsnett og VA-anlegg.
Samfunnsutviklingsprosjekt er lagt inn med sentrumsopppussing, saunaanlegg og oppgradering av garderober i symjehallen.

Konklusjon:
Fyresdal kommune er i stor utvikling. Gigantisk næringsetablering som tilfører kommunen sitt budsjett store inntekter men som også krev store endringar i lokalsamfunnet gjer at investeringsbudsjettet er historisk høgt i heile planperioden. Det er mange prosjekt som skal gjennomførast dei næraste åra og dette set krav til auka aktivitet også i drift. For å oppretthalde og utvikle det gode tenestetilbodet vi har i dag krev det kontinuerleg omstilling og tilpassing i alle sektorar. Det er forventa ein god auk i folketalet i åra framover, sjølv om vi har ledig kapasitet på dei fleste områder i dag, så kan dette medføre behov for utviding av tenestene på sikt. For økonomiplanen er det lagt opp til å vidareføre drift på dagens nivå, men ein må vere forberedt på endringar.

Innstilling frå formannskapet:

Årsbudsjett 2027 og Økonomiplan 2028 – 2030 for Fyresdal kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Nettorammer for sektorane vert som fylgjer:

Sektor:	Nettoramme:
Stab og økonomi	30 773 000
Helse og omsorg	63 071 000
Kultur og oppvekst	47 689 000
Plan og teknikk	22 677 000
Finans	-164 210 000

Måltal for økonomiplanperioden:

- Det skal vere eit netto driftsresultat på minimum 4%
- Lånebelastninga på driftsbudsjettet skal ikkje auke
- Disposisjonsfondet skal minst vere på 25 millionar

Det skal vere 100 % inndekning på sjølvkostområda vatn, kloakk, slam, renovasjon og feiing.

Låneopptak i 2027:
Kr 5 000 000,- i opptak av startlån frå Husbanken til vidareutlån
Kr 70 000 000,- til bygging av bustadeiningar.

Ramme i 2027 for tilskot til bustader, etter reglar for tilskot frå Fyresdal kommune, fastsettast til kr 5 000 000,-.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef